



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyheitsbrev 19.12.2025

Kjære ressursperson og leiar/fagansvarleg i nettverket!

Snart legg me bak oss 2025 og det er tid for eit lite tilbakeblikk på året som er gått. Men først vil me gjerne få takka deg som er ressursperson for det viktige arbeidet du gjer! Du er med på å bidra til ein forskjell for både pasientar, pårørande og kollegaer med din innsats og ditt engasjement for fagfeltet kreft og palliasjon. Det er også viktig å framheva samarbeidet med deg som leiar og støtta du gir til din ressursperson. Saman bidreg de til god kreftomsorg og lindrande behandling på eigen arbeidsstad. Tusen takk!

Kva har skjedd sidan sist?

Felles for nettverket i Helseregion Vest:

Funksjonsbeskriving for ressursjukepleiarar er oppdatert (med ny dato).

Funksjonsbeskrivinga følger strategien for 2025-2029 og ein finn den på nettverket si nettside under [aktuelle dokument](#).

Kompetanseplan for sjukepleienettverket er under revidering og vil bli sendt breidt ut til ressurspersonar og leiarar i sjukepleienettverka i Helseregion Vest.

Helse Fonna føretaksområde:

I haust har me arrangert 6 lokale nettverksmøter i sjukepleienettverket. Tema har vore: «*Oppfølging av kreftpasientar i forbindelse med cellegift, immunterapi og zometa behandling*» undervisning ved Hilde Beate Vik, kreftsjukepleiar ved kreftpoliklinikken, Haugesund sjukehus.

Helse Fonna har 6 nettverksgrupper med ressursjukepleiarar frå alle kommunar og sjukehus i helseføretaket

«*Hvordan kan flerkulturelle arbeidsfellesskap styrke våre helse- og omsorgstjenester og fremme kvaliteten i lindrende behandling og omsorg ved livets slutt?*» ved Anne Kristine Ådland, ph.d. ved HVL Haugesund

Introduksjonskurs for nye ressurspersonar og deira leiarar vart arrangert 1. oktober på HVL. 14 sjukepleiarar, 3 leiarar og 1 ergoterapeut deltok på kurset. Dagen vart evaluert som svært nyttig/nyttig.

Fagdag i grunnleggande palliasjon vart arrangert 18. november på HVL. Denne fagdagen var for alle nye ressurspersonar i nettverket. I tillegg vart helsepersonell, som ikkje er med i nettverket, men som møter palliative pasientar i primær- eller spesialisthelsetenesta invitert til å delta. 82 personar deltok og evalueringa viser at deltakarane opplevde det faglege innhaldet som nyttig/svært nyttig.

Verdsdagen for lindrande behandling vart markert med stand på Haugesund sjukehus 15. oktober. TV Haugaland var innom og laga ein reportasje om markeringa og eit intervju med Palliativt team ved sjukehuset. I forbindelse med arrangementet laga Haugesund sjukehus også ei sak med informasjon om Palliativt team på sjukehuset sitt intranett.

Fysioterapi- og ergoterapinetttverket:

Det vart dessverre ikkje mogeleg å arrangera eigen fagdag for fysioterapi- og ergoterapinetttverket i 2025. Alle fekk invitasjon til å delta på felles årleg fagdag med tema: "Omsorg i eit fleirkulturelt samfunn." Fysioterapi- og ergoterapinetttverket var invitert til å delta på digital fagdag om "Huntingtons sykdom" i regi av Stavanger nettverket.

Driftsgruppa arbeidar med ein ny, spennande fagdag 17. februar med temaet "Når alvorlig sykdom rammer, og kroppen endrer seg". Fagdagen er for alle fysioterapeutar og ergoterapeutar som ynskjer å delta. Driftsgruppa vil gjerne minna om at ein ynskjer fleire ressursfysioterapeutar og -ergoterapeutar i driftsgruppa, og er DU interessert ta gjerne kontakt.

Helse Fonna har eige nettverk for fysioterapeutar og ergoterapeutar innan palliasjon

Planar for våren 2026

Nettverksmøta startar opp i april. Du som er ressursperson er viktig for både nettverket og for din arbeidsstad, og som bindeledd mellom kunnskap og praksis.

Her er oversikt over nettverksmøta våren 2026:

| Nettverksgruppe | Dato |
|------------------------|------------------------------------|
| Hardanger | 14. april i Jondal |
| Ytre Haugaland Midt | 5. mai på Bokn |
| Ytre Haugaland Nord | 26. mai eller 2. juni på Avaldsnes |
| Ytre Haugaland Sør | 21. april i Skudenes |
| Indre Haugaland | 12. mai i Sauda |
| Sunnhordland | 19. mai på Tysnes |

Sett av datoen i kalenderen og informer leiar allereie nå.

Hugs møta er obligatoriske for sjukepleienettverket. Fysioterapeutar og ergoterapeutar møter når dei kan.

Årleg fagdag vert arrangert 24. mars 2026 i Haugesund

Tema: «Palliativt fokus på skrøpelige eldre».

Det kan vera lurt å notera datoen allereie nå.

Nettverket består av **122** ressurspersonar i sjukepleienettverket og **27** ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinetttverket.

For meir info sjekk ut pallnet.no

Kurs og konferansar

- [Landskonferansen i palliasjon 23.- 25. september 2026](#)
«Vi står han av», den 19. Landskonferansen i palliasjon i Tromsø.
- [KreftREHAB 2026 13.-14. april](#)
Kreftrehabilitering 2.0: Fra utfordring til mulighet, Tromsø
- [World Congress of the EAPC](#), 14.-16. mai 2026, Praha

Aktuell informasjon frå fagfeltet

Livets siste dagar er oppdatert til versjon 2.0

Det fulle namnet er frå nå av: Livets siste dagar - rammeverk for ein individuelt tilpassa plan for lindring i livets slutfase. [Meir informasjon her.](#)

Temahefter om lindrande behandling og omsorg

Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og Helse har på oppdrag frå Helsedirektoratet utvikla to temahefter for lindrande behandling og omsorg. Målet er å gi helse- og omsorgspersonell i kommunale tenester grunnleggande kunnskap om lindrande behandling. Dei nye temahefta erstattar digital opplæringspakke.

I det [første temaheftet](#) får du ei innføring i kva palliasjon er, og korleis tidleg innsats kan bidra til auka livskvalitet for pasient og pårørande. [Temahefte 2](#) bygger vidare på innhaldet i del 1, og går nærare inn på kartlegging og lindring av symptom samt pleie og omsorg i siste fase av livet. Det er ein føresetnad at begge hefta blir lest for å få ei heilskapleg forståing av emnet.

Ein digital guide til godt pårørandearbeid

[DIGGPA](#) er ein digital guide som gir helse- og omsorgspersonell praktisk verktøy for systematisk og godt pårørandearbeid. Den skal gjere det enklare å støtta pårørande som står i ein ny og krevjande kvardag.

Eldre pasientar sine preferansar om intensivbehandling i Noreg

Ein nyleg studie viser at [eldre pasienter er delt når det gjelder intensivbehandling](#). Like mange ynskjer å avstå frå slik behandling som å motta den. Funna understrekar kor viktig det er å styrka eit pasientsentrert fokus ved avgjersler om intensivbehandling hjå eldre.

Hjelpepodden

[Hjelpepodden](#) er ein podcast om ordningar for pasientar og pårørande, produsert av Haraldsplass diakonale sjukehus i samarbeid med VID Vitenskapelige høgskole.

Kompetansehevande tiltak

Helsedirektoratet deler ut 13 500 000 kr i 2026 til [«Kompetansehevande tiltak for lindrende behandling og omsorg ved livets slutt»](#). Statsforvaltaren i Vestland forvaltar tilskotet for kommunar i Vestland og Rogaland. Teknisk søknadsfrist er 1. mars 2026, meir informasjon

kjem på [Statsforvalteren i Vestland](#). Ta gjerne kontakt med [KLB](#) for råd og rettleiing i prosessen. Er du nysgjerrig på kva prosjekt som pågår i kommunar i Helseregion Vest? Ta ein kikk på KLB sine nettsider, under [Kommunale prosjekt](#). Her er det presentert både prosjekt som pågår og prosjekt som har fått støtte etter 2019.

Montebellosenteret har mange kurstilbod, mellom anna tilbyr dei «Kreft – en ny hverdag» og «Familiekurs – barn som pårørende». Besøk deira [nettsider](#) for meir informasjon.

Hospitering

Ressurspersonar vert fortsatt oppmoda til å hospitera i løpet av ein 3-års periode (jmf. Kompetanseplanen). De kan lesa meir om [hospiteringsordninga for Helse Fonna på nettverket si nettside, under aktuelle dokument](#)

Nytt frå Kreftforeningen

Kreftforeningen sin juleaksjon

I desse dagar vert det hengt opp tusenvis av stjerner på norske sjukehus og sjukeheimar, gitt av folk frå heile landet. Kvar stjerne som vert hengt opp gir glede og håp til pasientar og pårørende. Pengar frå stjernesalget går til livsviktig kreftforskning.

Tilbod og aktivitetar

I Rogaland: [ulike tilbod for pasientar og pårørende](#)

Kreftsaken sine vinterleikar på Sjusjøen 5.-8. mars 2026:

<https://kreftforeningen.no/kreftsakens-vinterleker/>

Karmøy kommune utan kreftkoordinator

Kreftforeningen tok i 2012 initiativ til å finansiera stillingar for å styrkja kreftomsorga i kommunane, etter å ha sett det var trong for betre oppfølging og koordinering for kreftpasientar og pårørende. Kreftkoordinator er eit viktig lågterskeltilbod for kreftramma i 21 av 23 kommunar i Rogaland (ikkje Utsira og Kvitsøy). Nå står kreftpasientar og pårørende i Karmøy kommune utan dette tilbodet. Leiinga i Karmøy kommune valde å ikkje vidareføra stillinga pga stopp i tilsetningar. Kreftforeningen har hatt møter og dialog med den administrative leiinga og politikarar i kommunen.

Nytt frå Kreftomsorg Rogaland

KOR har tilbod om samtalar i heim eller på institusjon, både individuelle og par - / familiesamtalar, samt tilbod til grupper. KOR kan bidra med undervisning i m.a. barnehagar, skular, pasientforeiningar og til helsepersonell.

Dette året har KOR utvikla nye samtaleverktøy for born og unge i sorg og krise: “Styrkekort” og “Boken om meg”. Dette vil bli ferdigstilt i 2026. Det er mogeleg å bestilla og lesa meir om dette på KOR si heimeside: www.kreftomsorg.no.

*Med dei beste ynskje om
ei god jul og eit riktig godt nytt år!*



Foto: Jenny-Ann Lid Toft

Med helsing frå driftsgruppene for nettverka

Grete Skeie Sørhus og

Jenny-Ann Lid Toft (studiepermisjon)

sjukepleienettverket

Karoline Berge

fysioterapi- og ergoterapinetttverket